

# Reguleringsplan for Hovden vassverk

## Reguleringsføresegner Detaljregulering

PlanID 201905

## 1. Siktemålet med planen

---

Planen legg til rette for nytt kommunalt vassbehandlingsanlegg på Hovden aust, ved dagens anlegg.

### 1.1 Området skal regulerast til følgjande føremål

#### Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

- Vassforsyningsanlegg, Bvf

#### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

- Køyreveg, Skv
- Annan veggrunn – grøntareal, Svg

#### Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

- Faresone – høgspenningsanlegg, H370
- Andre sikringssoner, H190

## 2 Fellesføresegner for heile planområdet

---

### 2.1 Automatisk freda kulturminne

- a) Dersom ein ved tiltak i marka treffer på automatisk freda kulturminne, må ein straks stanse arbeidet og varsle den regionale kulturminneforvaltninga, jf § 8, 2. ledd i kulturminnelova av 9. juni 1978.
- b) Det er høve til å leggje grøft til VA, overvatn og straum, samt grave ned straumkablar og kommunaltekniske anlegg innanfor heile planområdet, i tråd med teknisk plan. Arbeidet skal utførast skånsamt slik at terrenget ikkje blir påført unødige inngrep. Vedlikehaldsarbeid på eksisterande leidningsnett er ikkje søknadspliktig. Det gjeld òg for utskifting av eksisterande leidningar i same trasé. Traseane skal planerast, dekkast med jord og såast til med stadeigen vegetasjon.
- c) Alle terrenginngrep / tiltak skal utførast skånsamt. Masser frå anlegg under bakken skal deponerast på godkjent stad. Overflate skal rehabiliterast og revegeterast naturleg, eventuelt med stadeigne planter.
- d) Eksisterande bygg kan fjernast. Tomta skal tilbakeførast med revegetering.
- e) Planområdet kan nyttast til friluftsliv, turvegar og skiløyper så langt det ikkje er til skade/hinder for drifta av anlegget.

- f) Byggjegrænse skal følgje føremålsgrænse innanfor heile planområdet.

### 3 Føresegner for arealformål

---

#### 3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

#### 3.2 Vassforsyningsanlegg, Bvf

- a) Innanfor føremålet skal det bli ført opp to nye høgdebasseng med tilhøyrande servicebygg for nytt vassverk, samt naudsynt vegtilkomst og parkering til anlegget. Det skal terrengtilpassast best mogleg til omgjevnadane. Det tillatast sprenging i terrenget for optimal tilpassing.
- b) Høgde på nytt vassverk med tilhøyrande installasjonar skal ikkje overstige 6 meter, målt frå planert terreng. Bygg skal ha fasade med tre eller stein, vindauge eller ein kombinasjon av desse. Bygget skal ha eit uttrykk som underordnar seg landskapet.
- c) Taktekkinga skal vere torv eller tre. Bygget skal oppførast med pulttak, flatt tak, saltak eller ein kombinasjon av desse.
- d) Høgdebassenget skal tildekkast med jord og revegeterast.

#### 3.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

##### 3.3.1 Køyreveg, Skv

- a) Føremålet er privat.

##### 3.3.2 Annan veggrunn – grøntareal, Svg

- a) Føremålet er privat.

### 4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

---

#### 4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

##### 4.1.1 Faresone – høgspenningsanlegg, H370

- a) Det er ikkje høve til å føre opp bygg for varig opphald innanfor faresone for høgspent.

##### 4.1.2 Andre sikringssoner, H190

*Ingen føresegner.*